

Referat frå soknerådsmøte tysdag 7.mai kl.18-20 på Solhaug

Møte var felles for begge sokn i Nome kommune med felles informasjon. Sokneråda jobba i grupper kvar for seg med dei aktuelle sakene.

Tilstades frå Lunde og Flåbygd sokn: Stian Holte, Katrine Burmester, Marie H. Nordli, Nils Steinar Stavsholt, Hilde Roksund, Gunhild Sofie Halsvik Rønningen og sokneprest Ragnhild Halden.

Frå Holla og Helgen menighetsråd møtte 3 representantar og sokneprest Anne Berit Sunde.

Andre som var tilstades: Prost Asgeir Sele, kyrkjeverge Mona Halsvik, sekretær Aslaug Djuve, og organist Frøydis Holte.

Sak 39/24: Revidering av samla plan.

Asgeir Sele informerte om viktigheten av å samle alle planar og aktivitetar ein har i soknet tilgjengeleg på ein plass. Desse blir nå lagt inn i årshjulet og som grunnlagsdokumentasjon i «Kirka vår».

Sokneråda jobba så i grupper kvar for seg, og kom fram til fylgjande satsingsområde ein vil prioritere å jobbe vidare med. For kvart område blei det gjort eit vedtak:

Sak 39/24.1: Familiegudstjeneste, totalt sett og gjerne på Solhaug.

Gjerne på torsdag i forbindelse med SuperTorsdag.

Kven skal gjera dette arbeidet?

Prest og stab. Samarbeidsprosjekt.

Trosopplæringsutvalgets ansvar.

Vedtak: Soknerådet ber trosopplæringsutvalget utgreie muligheten for å videreutvikle familiegudstjenestetilbudet og legge fram om dette til soknerådet.

Sak 39/24.2: Tårnagent og LysVåken.

Trosopplærer - ansvar.

Trosopplæringsutvalget - ansvar.

Vedtak: Soknerådet ber trosopplæringsutvalget utgreie muligheten for å arrangere / gjenoppfriske Tårnagent og LysVåken og legge dette fram for soknerådet.

Sak 39/24.3: Solhaugkonserter.

Solhaugstyret – ansvar.

Vedtak: Soknerådet ber Solhaugstyret utgreie muligheten for å arrangere Solhaugkonserter og legge fram for soknerådet.

Sak 39/24.4: Kveldsmatgudstjeneste på Solhaug. Videreutvikling.

Sokneprest/staben har ansvar for innholdet i gudstjenesten.

Vedtak: Soknerådet ber sokneprest og staben utgreie muligheten for å videreutvikle kveldsmatgudstjeneste på Solhaug og legge dette fram for soknerådet.

Sak 39/24.5: Konfirmanter – oppgaver for ungdom etter konfirmasjon.

Vedtak: Soknerådet ber trosopplæringsutvalget og trosopplærer utgreie muligheten for å lage en plan for opplegg for engasjerer konfirmanter i og etter konfirmasjon og legge dette fram for soknerådet.

Sak 40/24: Delegeringsreglement.

Moment som kom fram under handsaminga:

Kva for utvalg har vi? Kva for utvalg skal vi ha?

- Trosopplæringsutvalg. Skal opprettes.
- Arbeidsutvalg.

AU består av Stian, Katrine og Nils Steinar. Ønske om at soknepresten også er med.

AU har ansvar for å legge fram budsjett/regnskap,- har ansvar for økonomi. AU skal følge med på økonomien til soknerådet i forhold til eit årshjul.

Det er kyrkjeverge Mona som er kasserar i soknerådet og fører dette regnskapet.

AU har myndighet til å gjera vedtak på vegne av soknerådet i enkelte saker som ikkje kan vente til neste ordinære soknerådsmøte med å bli behandla.

Ved spørsmål om økonomisk bistand til enkeltkonfirmantar og andre former for økonomisk bistand, for eksempel personleg tilrettelegging av konfirmanttida, har sokneprest i samarbeid med arbeidsutvalget myndighet til å ta avgjersle.

Medlemmer av AU er leiar og dei til ein kvar tid soknerådet har valt.

VEDTAK: Soknerådet ber AU om å utarbeide eit forslag til delegeringsreglement ut frå signaler som kom fram i møtet.

Skrivar: Marie H. Nordli, Lunde 16.05.24